

Arbeidsprogram 2020-2021

For Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Studentparlamentet skal sikre at studentane si stemme vert høyrd, setje lokale og nasjonale studentsaker på dagsorden, og arbeide for større studentmedverknad og engasjement for studentdemokratiet i Volda.

Bygge organisasjon og samarbeid

1. Sørge for at studentane ved HVO har kjennskap til Studentparlamentet og våre arbeidsoppgåver. [Endringsforslag: Introduser Studentparlamentet til førsteårsstudentar](#)
2. Informere meir om dei konkrete sakene som Studentparlamentet jobbar med. [Tilleggsforslag: Gjer det kjent når Studentparlamentet har oppnådd eit mål.](#)
3. Aktivt arbeide for høgare deltaking i vala som vert gjennomført i Studentparlamentet og ved HVO. [Tilleggsforslag: Annonser val i god tid i kanaler studenter faktisk fyl med på.](#)
4. Ha eit aktivt samarbeid med NSO, SAIH og Studentrådet i UH-nett Vest
5. Jamnleg kontakt og samarbeid med studentrepresentantane i Høgskulestyret og SiVolda.
6. Vidareutvikle arbeidet med Velferdsgruppa
7. Utarbeide ny samarbeidsavtale med Høgskulen i Volda

Studentvelferd

1. Ha ekstra fokus på tiltak for å betre trivsel, psykisk helse og eit inkluderande studentmiljø
2. Prioritere Velferdsgruppa, og bidra til å gjere den til ein fast del av HVO
3. Jobbe for eit betre velferdstilbod for studentane, og sørge for at helsetilbod blir synleggjort og fungerer tilstrekkeleg
4. Legge forholde til rette for høg aktivitet i alle studentorganisasjonane og -festivalane tilknytt HVO, og jobbe for eigna lokale sentralt på campus for studentorganisasjonane
6. Fornye retningslinjene til Studentprisen og dele den ut ved studiestart
7. Arbeide for å skape fleire sosiale møteplassar for studentar på campus

Utdanningskvalitet

1. Gjennomgå systemet for tillitvalde og vurdere endringar/justeringar
2. Bidra til høg deltaking i studentundersøkelser som Studiebarometeret og SHoT-undersøkelsen
3. Vere pådrivar for betre kvalitet i digitale undervisningsformer
4. Arbeide for mest mogleg opne og tilgjengelege rom på Campus. [Tilleggsforslag: Arbeide for at rom skal bli tilgjengelege for studentar igjen om smittefaren ikkje stig.](#)

- 36 5. Arbeide for at HVO utarbeider en mal for utdanningssamtaler for alle studentar
37 [Endringsforslag: Utvikle/arbeide mot en mal for utdanningssamtalar og](#)
38 [utdanningssamtaleprosedyre.](#)
39 6. Jobbe for betre oppfølging av praksisperiodar, evaluering og utvikling
40 7. Arbeide for at gratisprinsippet vert praktisert, slik at studentar i minst mogleg grad skal
41 betale eigenandel på studieturar, programvare m.m.
42 [8. Forslag til tilleggspunkt: Jobbe for at informasjon om valg osv, kan sendes ut på canvas](#)
43

44 Likestilling, inkludering, mangfald og internasjonalisering

- 45 1. Jobbe for at alle deler av campus er godt tilrettelagt og universelt utforma slik at alle har
46 lik tilgang til høgskuleområdet
47 2. Jobbe for at mest mogleg av undervisninga er universelt utforma, og at studenttenester
48 og studentvelferd er tilgjengleg for alle.
49 3. Følge opp arbeidet for handtering og førebygging av mobbing, diskriminering og
50 trakassering. Sei-ifrå-systemet må oppgraderast. [tilleggsforslag: gjennom å lage en anonym](#)
51 [mal \(evt. på canvas\)](#)
52 4. Dele ut pris for internasjonalisering kvart år
53 5. Jobbe for betre inkludering av internasjonale studentar, blant anna gjennom kontinuerleg
54 samarbeid med Pangaia og arrangement av Buddyweek
55 6. Sikre at Fadderveka tek omsyn til internasjonale studentar i programmet

56

57 Miljø og berekraft

- 58 1. Arbeide for at HVO og SiVolda satsar på miljøtiltak og miljøordningar på heile campus.
59 2. Arbeide for at miljø blir et prioritert område under læringsmiljø i læringsmiljøutvalet.
60 3. Vere aktive i prosessen for at Høgskulen held fram med å vere sertifisert Miljøfyrtårn
61 4. Betre Studentparlamentet sin miljøprofil [tilleggsforslag: i innkjøp, dagleg drift, aktivitetar](#)
62 [og reiser.](#)
63

64

65